

## Årsmelding for Edru Livsstil Nordhordland 2016

---

### Årsmøte 2016

Årsmøtet 2016 vart halde i *Gamle Seimstrand* på Seim tysdag, 10. mai kl.19.00 – 21.30.

Sissel Anny Hjemtveit spelte gitar til fellessongen «Kom mai du skjønne milde».

Prosjektleiar Birgitte Torbjørnsen heldt føredrag om «Idrett Utan Alkohol» og fortalte om utfordringane med alkohol i idretten.

Vertskap for kvelden, Sissel Anny Hjelmtveit fortalte så om historia bak *Seim Totalfråhaldslag*. Deretter var det servering av snittar, kringle, kaffi og te før årsmøtet.

Fem av 26 medlemmer var til stades på årsmøtet. Laget sin landsstyrefadder, Sven Ove Egeland og føredragshaldar Birgitte Torbjørnsen deltok også på møtet. Det var i tillegg ein person til stades utanom medlemene. Han melde seg seinare inn som medlem. Til saman var det åtte personar til stades.

Årsmøtet gjorde vedtak på å endre namn til *Edru Livsstil Nordhordland*.

Årsmøtet gjorde attval på Frank Erik Henriksen til leiar, og attval på styremedlemene Kjell Olav Hjellum, Sverre Solberg, Kjetil Jacobsen og Marit Barene. Styret fekk fullmakt til å konstituera seg og velja revisor.

Møtet vart avslutta med songen «Småsporven gjeng i tunet» akkompagnert til gitar av Sissel Anny Hjelmtveit.

### Medlemstal pr. 31.12.16.:

Ved utgongen av året hadde laget 28 betalande medlemmer mot 26 året før.

### Økonomi

<b>Inntekter:</b>	<b>kr. 88 469,27</b> (inkludert overførte midlar frå 2015; kr. 64 816,27 og inkludert borne-konto på kr.41 973,23)
<b>Utgifter:</b>	<b>kr. 17 682,96</b>
<b>Konto ved utgangen av året:</b>	<b>kr. 70 786,31</b> (inkludert borne-konto på kr. 41 973,23)

### Styret sitt arbeid

Styret har halde 2 styremøter (21.juli og 7.september) og handsama 8 saker.

Edru Livsstil Nordhordland har selt loddbooker for distriktslotteriet, og to medlemmer deltok på basaren under julemøtet.

### Verving

Det har ikkje vore arrangert vervarbeid i 2016, men det har vore verva på privat initiativ.

### Lokale arrangement:

Styret har ikkje hatt lag-arrangement etter sist årsmøte, men har i staden satsa på opne tilbod gjennom tiltaket «God Helgestart». Målet var å starte eit rusfritt tilbod retta mot personar over 18 år, med hovudvekt på menneske med innvandrarakgrunn, eldre og/eller einsame, eit

tilbod om eit positivt og kjekt miljø som har fokus på inkludering, respekt, humor, gode samtalar, venskap, nettverksbygging, tryggleik og meistring - i et rusfritt miljø. I tett samarbeid med Frivilligsentralen i Nordhordland fikk vi kostnadsfritt låne Frivilligsentralen sitt lokale til arrangementa sidan tilbodet er eit tilbod retta mot kommunen si befolkning og er oppfatta av kommunen som eit positivt frivillighetstiltak. Tiltaket var tenkt tre fredagar i haust, men pga. at lokalet var dobbelbooka ein av fredagane, måtte vi avlyse ein kveld. Arrangementet vart derfor gjennomført to fredagar; 30.september og 2.desember.

På arrangementa har det vore opptil tretten personar. Vi har også hatt besøk av og vore i dialog med Lindås Asylmottak som ønskjer å delta frå vårt neste arrangement. Tiltaket vart profilert i lokalavisa Nordhordland, både i papirutgåva og på avisa si nettside. Tiltaket har også blitt profilert på kommunen si nettside, «Kva skjer i Nordhordland» og på Frivilligsentralen Nordhordland sine nettsider.

<u>Inntekter:</u>		<u>Kostnader:</u>	
Horda distrikt	kr.10 000,00	Servering/lys/pynt/serviettar	kr. 2 955,16
Actis Hordaland	kr. 3 000,00	Kulturprogram	kr. 0,00
		Tenester sentralkontor	kr. 2 200,00
		Roll ups/profilering	kr. 6 000,00
<b>Totale inntekter:</b>	<b>kr.13 000,-</b>	<b>Totale kostnader:</b>	<b>kr.13 955,16</b>

#### **Deltaking på distriktet sine arrangement:**

Ingen frå styret kunne delta på årsmøtet i Horda distrikt som vart halde i Ljoshall i Arna. Men Kjell Olav Hjellum og Marit Barene deltok på distriktet sin julefest. På programmet stod fellessong, juletale ved generalsekretær, kulturinnslag i form av song, julemiddag, lotteri og kakebord.

22.september var tre av styret sine medlemmer på «Planleggingsmøte» i regi av Horda distrikt; Leiar Frank Erik Henriksen, Sverre Solberg og Kjetil Jacobsen.

#### **Sentrale arrangement:**

Til Strategikonferanse 17. – 18.september på Gardermoen sendte laget to representantar; Leiar Frank Erik Henriksen og styremedlem Sverre Solberg.

#### **Anna:**

Leiar i laget er vald til representant i det sentrale utvalet for ruspolitikk. Utvalet arbeider med høyringssaker, pressesaker o.a. politisk arbeid. I 2016 vart det halde to utvalsmøter.

Fire av medlemene i laget deltok på lanseringa av [www.edru.no](http://www.edru.no) i kantina i Nordhordlandshallen 15.november 2016.

Leiar har sendt inn fleire pressesaker til lokalavisene, men har ikkje kome på trykk. Intervju rundt «God helgestart» kom på trykk og nettsida til «Nordhordland»

.....  
Stad og dato

.....  
Signatur leiar Frank Erik Henriksen

Sverre Solberg

Kjell O. Hjellum

Marit Barene

Kjetil Jacobsen